



Anne og Neil trivs i Uskedalen

Framleis er det stille i båthamnane våre, men i dag er det grunn til å annonsera ein hyggjeleg sesongstart: Ein elegant seglbåt med irsk flagg på er ikkje akkurat kvardagskost i båtlag-hamna.

Båten kom i går og ombord er eit triveleg pensjonistpar frå den grønne øya: Anne Kenny frå Tralee og Neil Hegarty frå Cork. Byane ligg berre eit godt steinkast frå kvarandre i det sørlige Irland.



Båten heiter [Tam u'shanter](#), som er eit dikt av [Robert Burns](#)

- Vi vart begge åleine og då fann vi ikkje på noko betre enn å vera turistar saman, seier Anne og Neil som også har segla mykje i Middalhavet med Spania som utgangspunkt. Der har dei også ein båt. Men til Noreg kom dei reint tilfeldig i fjor. Dei var med på eit stort båt-treff i Skottland med innlagt utflukt over Nordsjøen. Det førte dei til Karmøy og der trivdes dei så godt at dei stasjonerte båten over vinteren i Skudesneshavn.

Så plukka dei han opp att for eitpar veker sidan og no har dei segla rundt i Hardangerfjorden med Ulvik, Norheimsund og Odda som 3 av stoppestadane. Paret er overstadig begeistra over Noreg som turistland og då sikter dei til både den storslagne naturen og det gjestfrie folket.

Når det gjeld det siste, fortel dei om praktisk hjelp dei har fått med båten, heilt utan vederlag. Fullt så glade er dei ikkje over at Noreg ikkje er medlem av EU. For hvis dei ikkje kjem ut av Noreg før utgangen av juli må dei ut med 25 prosent av det båten er verd og det kan verta så mykje som 25.000 euro. Difor stikk dei til Sverige.

Men det er lenge til utgangen av juli og til da skal dei nyta det norske. I kveld er til dømes programmet deira klårt: Skaldyraften på Systrene Nilsen!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen